

God oppslutnad om klatrekurs

18.09.2009



Bjørn Olav Tveit forklarer sikringsarbeid til kursdeltakarane medan Johannes Hjønnevåg er på veg opp veggen.

Det er tydeleg at interessa er stor for det nye klatretilbodet i Aktivitetshuset. Torsdag vart det arrangert klatrekurs for å sikra tryggleiken i denne aktiviteten. Klatreekspert og primus motor, Bjørn Olav Tveit, og staben hans kunne ta mot 16 interesserte damer og menn.

Bjørn Olav kunne fortelja at han opplever stor interesse om tiltaket, og han ventar derfor god oppslutnad når dei kjem i gjenge. Startskotet går førstkommande søndag. Då er det først familieklatring frå kl. 16 til kl.18. Deretter er det to timer med vaksenklatring. Bjørn Olav understrekar at ein treng ikkje ha vore på "sikringskurset" torsdag for å møta opp på søndag.

- Vi er nøye med tryggleiken, og dersom det er nokon som treng det, vil dei få opplæring. Så det er berre å stilla. Vi spør korleis det vert med opplæring framover når aktiviteten er komen i gang.
- Vi vil ha kvalifiserte instruktørar på plass alle dagar så vi kjem til å gje opplæring til nye deltakarar fortløpende, kan Bjørn Olav fortelja.

Torsdag er den andre klatredagen. Frå kl.17.30 til 19.00 er det den yngre garde (10 – 15 år) som skal boltra seg i klatreveggen. Desse må ha med seg ein voksen til å sikra seg.

Det vert spennande å følgja denne aktiviteten framover. Det er all grunn til å tru at den vil slå godt an. Det fortener absolutt alle dei som har lagt ned ein stor jobb for at vi skal få denne nye aktiviteten i bygda.



Etter at deltakarane hadde fått ei